

Hallingdansen etter Gullik Kirkevoll

I åra før unionsoppløysinga i 1905 var «det nasjonale» i vinden som aldri før. I Bergen skipa Vestmannalaget kappleikar i felespel frå 1896 og i hallingdans frå 1898. Dei fyrste åra var det berre med deltakarar frå Vestlandet, men etter kvart kom folk austfrå også, og kappleikane fekk ein uformell status som landskappleikar. Spelemenn kom over fjella fyrste gongen i 1897, og vinnar vart Olav Moe frå Vestre Slidre i Valdres. Fyrste kappdansen med deltakarar austfrå var i 1903, med John Dahle frå Øystre Slidre som vinnar, føre Svein Nestegard frå Hol i Hallingdal. Hallingane kom til å dominere dei neste åra, og Valdres og Hallingdal etablerte seg som tyngdepunkt for hallingdansen. Det var ikkje tilfeldig at det vart desse to dalføra som fekk eigne kursformer av dansen på 1900-talet.¹

Domarane på kappdansen var ofte offiserar og gymnastikklærarar. Offiserane kjende vel dansen gjennom soldatane sine, som ofte dansa halling og spente rundkast (hallingkast) i ledige stunder, og det er mange historier om offiserar som sette opp premie for beste hallingkast på Moen. Både offiserane og lærarane var vel elles med for å premiere disiplinert dans. I 1908 imponerte hallingane både i springar og halling, og ein meldar i *Gula Tidend* skreiv at: «Hallingdølerne dei ha sitt Mynster fyr dansen og vita korleis det skal vera, og hava tamt seg inn i det.»² Dette vart ei rettesnor for mest alle utover 1900-talet. Både i Hallingdal og Valdres vart til dømes hallingdansen ordna i «turar» og «avslutningar», der ein «tur» var eit fast steg som vart dansa fleire gonger og «avslutningar» var tak eller idrettsøvingar som vart utførte berre ein gong.

Valdresforma vart utarbeidd av Gullik Kirkevoll etter mange år med systematisk innsamling. Dansen fekk ein oppsving på slutten av 1900-talet, og eg hadde min del av ansvaret for det, med kurs fleire stader omkring i landet. Hausten 2017 begynte eg å skrive

¹ Synnøve Bjørset, «Kappleikar og kappdansar i Vestmannalaget». Kulturhistorisk leksikon, levert av Fylkesarkivet i Vestland. URL: folkedans.com/folkemusikk/kappleikar_vestmannalaget.htm (henta 4.4.2020)

² Sitat frå *Gula Tidend* i Bjørset, «Kappleikar og kappdansar i Vestmannalaget», folkedans.com

ned det eg visste og kunne om denne dansen. Etter som eg skreiv såg eg nye samanhengar, og det ende som denne detaljerte «rapporten» over mitt virke med hallingdansen.

Då eg var ved vegg ende, kjentes det heilt feil å slutte der. Den detaljerte gjennomgangen hadde gjeve meg mykje ny innsikt og tankar om samanhengar, mellom anna om nokre spørsmål om hallingdansens historie, som ingen hadde gode svar på. Dette førte etter kvart til ein artikkel i *Musikk og tradisjon*: «Frå pardans og laus til tur og orden – om den norske hallingdansen» (2020).³ Artikkelen er bygt på rapporten, men dei to tekstene kan lesast heilt uavhengig av kvarandre.

Ord og uttrykk

Hallingdansen er ein **dans** med innslag av idrettsøvingar, og tilhøvet mellom dei blir ofte kommentert og diskutert. Ein stadig tilbakevendande påstand er at dansen må vike for idretten og akrobatikken. Kor går grensene, og fell idrettsøvingar godt inn i dansen? Kva dans eigentleg er, vert lite drøfta, men ei utbreidd oppfatning i dansemiljø er nok at dans er rytmiske rørsler til musikk. Rundt omkring i verda er det likevel mange døme på dans også utan musikk, og vår eigen krukedans blir dansa både med og utan. Ein definisjon av dans kan difor ikkje innehalde noko krav om musikk. Store norske leksikon går likevel eitt steg vidare i det dans blir definert som «bevegelse for bevegelsens skyld, gjerne utført rytmisk, eventuelt til musikk».⁴ Her blir det opna for at dans kan vera utan rytme, og då får eg vanskar med å følge med. Eg forstår at til dømes samtidsdansarar kan kjenne det som kunstig å tala om dans og ikkje-dans i eit verk som omfattar dans både med og utan rytme, men for meg er dans ein heilskap bygt på rytme, ein heilskap som er prenta inn i kroppen.

Eg må nemne at eg har eit litt spesielt sterkt tilhøve til dans. Eg har dansa mykje, både for eigen del og for publikum. Eg har undervist i dans i mange samanhengar heilt opp til universitetsnivå, og eg har så smått forska på dans. Og så har eg Parkinsons sjukdom. Den parkinsonsramma kan vera så dårleg at hen knapt kan gå, men likevel kan hen (eg) danse! Det kjennest ganske underleg når kroppen rettar seg opp og finn att ei balanse som har vore borte. Dansen overtek styringa, og rytmen kjennest som ein uerstatteleg del av det heile. For meg er difor dans: «rytmiske rørsler som er eit mål i seg sjølv», og slik brukar eg det i

³ Ranheim, Ingar. «Frå pardans og laus til tur og orden – om den norske hallingdansen». *Musikk og tradisjon*, nr 34 (2020): 7-33.

⁴ Snl.no. «Dans». *Store norske leksikon*. URL: <https://snl.no/dans> (Henta 18. oktober, 2020, kl. 22.30).

denne teksten.

Det er vanleg å notere **takta** i halling som 2/4 eller 6/8, men særleg Rolf Karlberg (1931-2014) argumenterte sterkt for at takta er udelt (og burde noterast ¼ eller 3/8).⁵ Eg brukar «takt» i samsvar med dette. Det gjorde Kirkevoll også.

I fagterminologien skil ein mellom **trinn** og **steg** slik at det er fleire trinn i eit steg. Eit steg er ei eining som kan dansast fleire gonger etter kvarandre.⁶ Kirkevoll brukar steg både om trinn og steg.

I denne teksten betyr elles ein **H** åleine høgre foten, **V** betyr venstre foten, og **B** betyr baa. Ein **S inntil H** betyr svikt på høgre foten (bøying og strekking), ein **S inntil V** betyr svikt på venstre foten. Ein **liten s** betyr at eit trinn blir teke ein gong til. **T** betyr tyngdeoverføring (T-trinn),^h er hopp og **x** er på huk.⁷

Kjeldematerial

Gullik Kirkevoll (1895-1978) var frå Røn i Vestre Slidre i Valdres, men budde heile sitt vaksne liv i Oslo. Han samla på frimerke, hadde ei av dei mest verdfulle myntsamlingane i landet, var utdanna gartnar og skreiv ned lokale plantenamn. Eit stort og djupt engasjement viste han for gamal og lokal kroppskultur ved å samle opplysningar om springaren, hallingen, godkarstykke og idrettsleik. I *Årbok for Valdres* fekk han trykt artiklar om springaren og hallingdansen,⁸ og det finst eit manus om idrettsleiken og godkarstykk, utgjeve utan år i Vestre Slidre ein gong på 1970-talet.⁹

I artikkelen frå 1972 fortel han at han lærte å danse halling i folkeskulealderen av skulelæraren sin, Jon Wangensteen Holden (1885-1969) og Ola O. Øde (på Øe var det Ola på Ola, men dette må vera Ola (1883-1969)). Holden var uteksaminert frå Elverum lærarskule i 1906, og vart tilsett ved Røn og Skrøviken skule, der han altså fekk Kirkevoll

⁵ Rolf Karlberg, som eg har arbeida saman med på Valdres Folkemuseum (no Valdresmusea) har skrive eit manus om dette, men det er førebels ikkje trykt.

⁶ Bakka, Egil. *Danse. Danse, lett ut på foten*. Oslo: Det norske samlaget, 1970, s. 12.

⁷ Den norske faglitteraturen i folkedans er i aller hovudsak utarbeidd av Jan Peter Blom og Egil Bakka. Det er gode innføringar både i *Songdansar* (1985) og *Turdansar* (1991) av Klara Semb. Systemet har ikkje noko teikn for å sitte på huk, men eg har take i bruk x som i Laban-notasjon (etter forslag frå Siri Mæland).

⁸ Kirkevoll, Gullik. «Valdres-springar». *Tidsskrift for Valdres historielag* (1963): 35-58 og Kirkevoll, Gullik. «Litt om turar i lausdans i Valdrestradisjon m m». *Årbok for Valdres* (1972): s. 81-113.

⁹ Kirkevoll, Gullik. *Eldre idrettsleikar i Valdres*. Slidre: Slidre Gamaldans, u.å.

som elev. Læraren var med i mykje styre og stell, og var til og med ordførar på 1930-talet.¹⁰ Og ifølgje Kirkevoll var Jon W. Holden og Ola O. Øde i Bergen i 1910 og spente hallingkast på 2,80!¹¹

Kirkevoll nemner også læremeisterane deira: Jørn (1843-1911) og Endre Røn (1841-1898), Per Berge-Dalbø¹², Tore Holden (1854-1915) og Johan Sevatsen (f. 1858¹³). Dei tre fyrste var sambygdingar med Kirkevoll, Tore Holden var frå Ulnes og Johan Sevatsen var frå Aurdal. At han nemner desse fem, som alle var ein generasjon eldre, syner at det ikkje var dansen i samtida han var ute etter, men noko meir opprinneleg. Det ligg nær å sjå dette saman med artikkelen hans om springaren i Valdres. Der refererer han fleire gonger til dansen i samtida.¹⁴ I artikkelen om hallingen gjer han det aldri.

Eg lærte dansen i 1969 av Reidar Bakken (1946-2012), Anders Anmarkrud (f. 1942) og Boye Wangensteen (f. 1942). Kurset var på det gamle gymnaset på Fagernes, og tanken var nok å få dansen «opp att» i Valdres. Alle tre hadde lært dansen av Kirkevoll i Oslo. Gullik sjølv trefte eg berre så vidt tidlig på 1970-talet i samband med ein kveld Valdreslaget i Oslo hadde i Øystre Slidre.

Frå midten av 1970-talet kom eg til å halde ganske mange kurs. Dei fyrste lokalt i Valdres, men spørsmål kom også frå andre deler av landet. Eg var fleire gonger på Voss, i Sunnfjord, Jondalen/Kongsberg, Hallingdal og Sør-Hedmark, og hadde større eller mindre kurs i Oslo, på Jevnaker, i Bø i Telemark, Vinje/Rauland, Rättvik, Gøteborg, Stockholm og Arvika. Det vart ein del undervisning i ungdomsskulen og vidaregåande, foredrag i ulike samanhengar og førelesingar på høgskular og universitet, i Rauland, på Voss, i Trondheim og Oslo.

Her vil eg skyte inn at det ikkje berre er eg som har vidareført dansen hans Gullik. Han hadde også kurs i Østerdalsringen i Oslo, der Sverre Halbakken var leiar. Rolf Bjørgan lærte ved å vera med på øvingane, og saman lærte dei opp Øyvind Kvile, som la til bjønndansen. Øyvind heldt kurs i Trysil, og der fekk han med seg Martin Myhr, som

¹⁰ Beitrusten, Geir. *Gardar og slekter i Vestre Slidre*. Leira: Valdres bygdeboks forlag, 1979, s. 579.

¹¹ Beitrusten etter Kirkevoll, *Gardar og slekter i Vestre Slidre*, s. 579.

¹² Eg veit ikkje når Berge-Dalbø var fødd, men han kjøpte det seinare Dalbø i 1888, så kanskje er han fødd omkring 1860?

¹³ Eg kjenner ikkje til kva år han døydde.

¹⁴ Kirkevoll, «Valdres-springar», s. 42, 44 og 44.

seinare har vore ein av dei som har halde flest hallingkurs her i landet. Rolf og Øyvind hadde også kurs på Hamar, og Thor Bøhle dreiv opp eit aktivt miljø der.

Det einaste filmopptaket av Gullik sjølv, er ein liten snutt i spelefilmen *Kristine Valdresdatter* (1935, opptaket vart gjort i jula 1930).¹⁵ Egil Bakka filma springdansen hans i 1970, men hallingen vart dansa av Randi Før og dei tre som eg seinare kom til å lære av: Boye Wangensteen, Anders Anmarkrud, og Reidar Bakken.¹⁶ Gullik var til stades under opptaka. Han går over golvet i starten av opptaket med Boye.

I 1969 spelte Statens filmsentral også inn ein film om hallingdansen etter Gullik Kirkevoll.¹⁷ Dansarane her var Olav Wangensteen og dei tre som eg lærte av. Reidar Warne hadde regien, og han gav også ut eit hefte om dansen, bygt på tekstar Kirkevoll hadde skrive.¹⁸ Kurset som var opphavet til det heile, vart halde våren 1967, skriv Warne.¹⁹ Eg har berre sett fort gjennom denne filmen, som ikkje synest å gje noko informasjon ut over det Egil Bakka sine filmar gjer, men det er med nokre instruksjonsopptak av ein del turar, og dei har eg sett meir nøye på.

Eg har også gått gjennom eit opptak med meg sjølv frå 1975,²⁰ frå den tida eg begynte å halde kurs, og samanlikna dansen med skriftene til Kirkevoll og opptaka frå 1969. Opptaket med meg er frå eit kveldsprogram på NRK. Det var eitt av to program som vart laga om folkemusikken i Valdres, og opptaket er gjort i Slidrehuset på Valdres folkemuseum. Torleiv Bolstad er spelemann i 1975 og for Egil Bakka sine opptak i 1970, medan Odd Bakkerud og Gullik sjølv er spelemenn i opptaka for Statens Filmsentral i 1969.

¹⁵ Frikar. «Hallingdans 1935». Utdrag frå spelefilmen *Kristine Valdresdatter* [1935]. URL: <https://vimeo.com/channels/frikarevent/26814006> (henta 11/9-2020, kl. 21.55)

¹⁶ Bakka, Egil. «Halling med Boye Wangensteen, Reidar Bakken, Anders Anmarkrud». *Tradisjon frå Valdres filma i Oslo 22/11-1970*. Arkivfilm hos Norsk senter for folkemusikk og folkedans: Rff 8mm 424-426, 427,2, 429.

¹⁷ Warne, Reidar. «Halling i Valdrestradisjon etter Gullik Kirkevold». Statens filmsentral 1969. URL: <https://www.nb.no/nbsok/nb/94df66702f790b2ba0f307d324b1672c.nbdigital?lang=no> (henta 20/10-2020, kl. 21:54)

¹⁸ Warne, Reidar. *Norske bygdedansar. Halling i Valdrestradisjon*. 20 siders hefte uten sidetall og forlag. Oslo, 1969.

¹⁹ Warne, *Norske bygdedansar. Halling i Valdrestradisjon*, s. 11. Anders Anmarkrud er litt usikker på dette årstallet. I så fall hadde han nok vore med litt før, meiner han, og Boye var i gang litt før Anders, meiner han (telefonsamtaler 22. og 29. mars, 2020).

²⁰ NRK. «Folkemusikk i Valdres». 19. oktober 1975, 25.15-28.07 min. URL: <https://tv.nrk.no/serie/folkemusikk-i-valdres/1975/FOLA02006275/avspiller> (henta 20/10-2020, kl. 22.30)

Eg håper å få fram kva som er likt og ulikt i desse kjeldene, kor det ulike har oppstått, og helst kvifor. Slik håpar eg få avlagt ein slags rapport om mitt virke med hallingdansen etter Kirkevoll.

Hallingdal og Valdres

Før eg gjekk laus på dei einskilde turane og avslutningane, slo det meg at eg burde lyfte blikket og sjå på dansen i Hallingdal og Valdres saman. Båe var kursformer frå 1900-talet, og dei einaste i sitt slag. Dei vart dansa noko ulikt, men om dei eigentleg var så ulike, eller vart ulike for å skilja seg frå kvarandre, var litt uklart for meg.

Stordansaren Tor Underberg frå Ål i Hallingdal skreiv ein artikkel om «Laudans og tradisjon».²¹ Han fortel at han hadde fått overlevert eit papir med oppsett over turane av Sevat Tveito, som var «fyrste kursleiaren her i Hallingdal».²² Tveito hadde halde kurs i 1920-åra, og Tor Underberg overtok etter han i 1930-åra.

Rekkjefølgja på turane er meir logisk og systematisk hjå Sevat Tveito enn hjå Kirkevoll, så eg har teke i bruk nummereringa i Hallingdal for gjennomgangen av turane. «Tur» har vore eit omstridt ord. Ordet er henta frå turdans, noko som har gjeve assosiasjonar til ein ide om fast rekkefølge. Men ingen meiner det skal vera det. «Han måtte ha eit oppsett å halda seg til, i og med at han skulle starte kurs», skriv Underberg for å forklare kvifor Tveito har ei nummerert oppskrift.²³

Når det gjeld det skriftlege materialet, brukar eg mest Kirkevolls artikkel frå 1972, men trekkjer inn heftet frå 1969 der det er relevant. På hallingsida supplerer eg Underberg med Hans Lien frå Gol, som også har skriva om hallingdansen.²⁴

Etter mi forståing kan turane og avslutningane hjå Underberg og Kirkevoll setjast saman slik (sjå tabell under). Til venstre ser vi Tveito, i midten Kirkevoll og til høgre har eg prøvd å forklare steget med eigne ord.

²¹ Underberg, Tor. «Laudans og tradisjon». *Spelemannsbladet* nr 2 (1985): 20-21.

²² Underberg, «Laudans og tradisjon», s. 20.

²³ Underberg, «Laudans og tradisjon», s. 20.

²⁴ Lien, Hans. «Turane i hallingdansen». *Spelemannsbladet* nr 10 (1995): 13-15.

	Tveito/Underberg/Lien	Kirkevoll	
1	Gå-turen	Sviktgongsteg	Gåsteg
2	Sidelengsturen	Krosssteg m/ hopp	Hopping sidelengs
3	Huketuren	Knebøyingar	Huking
4	Snu på rettkant	Snu på ein fot, kviletur	Snuing, medsols
5	Hælturen /	Tåtur II	Snuing, motsols ²⁵
6	Kvile-turen ²⁶	Attoversteg	Hopping baklengs
7	Elketuren		
8	Kruketurnen	Krukedansen	Krukedansen
9		Rebnestaket	Steg frå ril
10		Gå på hendene.	
11		Enkelsveipen	Heilsveipen ²⁷
12		Medsveipen	
13		Halvsveipen	
14		Dobbeltsveipen	
15		Motsveipen	
16		Tåtur I	Frå miljøet i Røn?
17		Fotkross og ryggspenn	Hælklappen
18		Forenkling av snuskvedne	Laga av G. Kirkevoll

19	Spenne seg i nakken	Ryggspenn.	
20	Nakkespretten	Nakkespretten	Framlengs nakkesprett
21	Stupe huvudkrune	Kaste seg over hovudet	Hovudstiften
22	Korketrekjaren	Myretrillen	
23	Kaste seg over begge hender	Slå stiften	
24	Kaste seg over på ei hand	Eihandsstift	
25	Hoppe gjennom foten	Heldehøpp	
26	Sprette opp att	Fiskespretten	Nakkespretten
27	Saltomortale (slå salto)		
28	Bøygja seg atti (Hans Lien)	Rengji stålbøge	
29	Hovudturen (Hans Lien)	Snuskvedne	
30		Pjåtetaket	Kyrsletten
31		Storsveipen	
32		Kvednakallen	
33		Stupe kråke	
34	Rundkast (hallingkastet)	Rundkast (hallingkastet)	

²⁵ Hælturen og tåtur II er heilt ulike steg, men dei er baa motsols snuingar. I Hallingdal snur dei på hælane i rundsnuen medsols i springaren, og det kan vera ein samanheng der. Kirkevoll skriv at dei dansa slik i Høresbygd i Vang også, elles i Valdres dansa dei med snuing på tåballen, som i andre tåturen (og i springaren når guten snur seg to gonger rundt).

²⁶ Både valdrisar og hallingar dansar bakover og Tor Underberg gjorde det også, men steget er ikkje nemnt i oppskrifta etter Sevat Tveito. Hans Lien nemner eit steg der ein «apar», det vil si dansar bakover (Lien, «Turane i hallingdansen». s. 13). Eg har difor sett dette opp som steg nummer seks, ved sidan av Attoversteget til Kirkevoll.

²⁷ Tur 11-15 ser eg som ei systematisering av steg med snuing på huk.

Dei seks fyrste og den åttande turen til Tveito meiner eg Kirkevoll har parallellar til. Det kan verke litt rart at så ulike turar som hælturen i Hallingdal og (andre) tåturen i Valdres står på same linje, men i eit større bilete synest dansinga baklengs, hukungane og sningane medsols og/eller motsols å gå att i lausdansdelen i all bygdedans, og desse er baa representantar for sning motsols.

Kirkevoll har ti turar som ikkje er nemnde i Hallingdal. Fem av dei er «sveipar» som eg drøftar seinare i teksten. Ein skulle tru at desse var like utbreidde i det eine dalføre som det andre, så eg ser ikkje bort frå at dei har funnest i Hallingdal også, og berre ikkje har kome med på lista. Det same gjeld nok også «rebnestaket» (som er eit rilsteg) og å gå på hendene. «Tåtur I» derimot, har eg ikkje kome over andre stadar enn i Røn, så det spørst om den ikkje stammer frå det aktive dansemiljøet der på 1900-talet. Det same gjeld «hæklappen», som er ei samansetting av fotkross og ryggspenn. Forenklinga Kirkevoll laga av snuskvedne finst naturleg nok ikkje i Hallingdal.

Det er åtte parallelle avslutningar hjå Underberg og Kirkevoll, og to til hjå Kirkevoll og Lien. Det er berre ei avslutning som hallingane har, og Kirkevoll ikkje nemner, og det er å slå salto. Men det var vel like mykje eller like lite utbreidd i baa dalføre, vil eg tru.

Til slutt har Kirkevoll fire avslutningar som hallingane ikkje har med. Det er Kyrsetten (av Kirkevoll kalla Pjåtetaket), ein femte sveip, kvednakallen og å stupe kråke, som nok også sikkert var like vanleg i Hallingdal som i Valdres.

Alt i alt er det mykje likskap mellom turane og avslutningane hjå Underberg (Tveito) og Kirkevoll, meir enn eg hadde trudd då eg begynte.²⁸

Gjennomgang av turane etter Kirkevoll

I eldre omtale går det fram at dansen tok til noko «kjeiveleg og hjelpelaust», og at det såg ut til at dansaren kunne stupe i sine eigne føter, skriv Kirkevoll.²⁹ Det er ingenting slikt på opptaka. Eg minnest det heller ikkje frå kurset eg sjølv lærte på, og eg har ikkje nemnt noko om det på mine kurs.

²⁸ Eg reflekterer over denne observasjonen i den nemnde artikkelen, «Frå pardans og laus til tur og orden – om den norske hallingdansen». Der knyter eg turane til pardansen halling på 1700-talet.

²⁹ Kirkevoll, «Litt om turar i lausdans i Valdrestradisjon m m», s. 81f.

Dansen skal ikkje forenklast eller dansast mest mogeleg «rotut», skriv Kirkevoll. «Tre-fire gåsteg skal det vera mellom kvar tur».³⁰ Berre Reidar og delvis Boye gjer dette nokolunde konsekvent på desse opptaka, og eg kan ikkje hugse at dei gjorde det seinare. Det vart nemnt på kurset i 1969, men kan ikkje hugse at det vart lagt noko vekt på. Sjølv såg eg bort frå det. Eg oppfatta det ikkje som ei skildring av dansen, men ei litt overdreven strukturering frå Kirkevoll si side.

Når det gjeld oppbygginga av dansen, nemner Kirkevoll fyrst spelemannen og dansaren Jørn Røn, som heldt på at «dansen skulde taka til heller roleg, med lettaste turane fyrst».³¹ Eg hugsar nok at dette vart sagt, og trur nok eg har referert det på mange kurs, men har ikkje lagt så veldig vekt på det når eg sjølv har dansa. Eg har likevel merka meg at Hans Flaten i Hemsedal har skrive noko liknande.³²

«Nokon slavisk rekkefylgje på turane er det ikkje», skriv Kirkevoll.³³ Likevel har han ein ganske fast oppbygd opningstur. Denne følgjer alle dansarane på desse opptaka,³⁴ og eg følgde det også på mine kurs. Eg streka nok alltid under at det ikkje var nokon fast rekkefølge på turane, og eg varierte dette når eg dansa også, men det hende stadig vekk at nokon ville ha eit fast opplegg under innlæringa. Eg var med og sette opp slike lister, særleg for ungar. Listene skulle brukast berre under opplæring, men det var nok ikkje alle som vart kasta. Ikkje med ein gong, i alle fall.

1. Gåsteg. Nesten alle dansarane eg har sett byrjar dansen med nokre «fjørørale, lette gåsteg» i danseretninga (motsols), slik Kirkevoll skriv det skal gjerast.³⁵ Armane slengjer i diagonalgang. I 1969 kallar Kirkevoll det svihtgongsteg. Det er kan hende eit uttrykk han har lånt frå songdansen. Eg har nok ofte kalla det gåing, men «gåsteg» synest eg er greitt. På fleire kurs har eg hermt ein som sa til meg at «dei gamle rekna gåinga som ein eigen tur», men eg hugsar ikkje kven som sa det.

³⁰ Kirkevoll, «Litt om turar i lausdans i Valdrestradisjon m m», s. 82.

³¹ Kirkevoll, «Litt om turar i lausdans i Valdrestradisjon m m», s. 81.

³² «Gutten tar i med langsomme sving og sleng» (Hans Flaten sitert i Bakka, Egil. *Norske dansetradisjonar*. Oslo: Det norske samlaget, 1978, s. 84).

³³ Kirkevoll, «Litt om turar i lausdans i Valdrestradisjon m m», s. 82.

³⁴ På opptaka dansar Boye rundt, ikkje bakover i starten, men dette oppfatar eg som litt tilfeldig.

³⁵ Kirkevoll, «Litt om turar i lausdans i Valdrestradisjon m m», s. 82.

Gåsteg framover:

HS

VS

2. Hopping sidelengs. I 1972 rekna Kirkevoll hoppinga sidelengs som fyrste avdeling av opningsturen sin, og skriv ikkje noko namn. I 1969 brukte han «Krossteg framom med hopp» og «Krossteg framom og bak med hopp».³⁶ Armane slengjer fritt saman inntil kroppen på ei takt, og ut frå kroppen neste takt, fem-seks steg. Alle dansarane på filmane gjer det slik, men det er svært stor variasjon i kva for fot som er framom til ulike tider. Heldigvis er Kirkevoll sjølv til stades på opptaka, og han seier ingenting om kva fot som skal vera framom. Eg har heller ikkje seinare vore borti at dette har vore oppfatta som noko problem. Sjølv brukte eg å danse fyrste halvparten av turen med H framfor V, og andre halvparten med H bakom V. I det eg skifta, brukte eg å ta ein appell med H og samtidig gå over til ei meir horisontal armføring. Slik lærte eg det, slik brukte eg det, og slik lærte eg det vidare. Det mest interessante med denne turen, er at han er så vanleg i hallingdans, og så uvanleg i andre bygdedansar. Eg synest det er greitt å kalle det sidelengs hopping.

Sidelengs hopping:

H^h

V^h

3. Huking er å sleppe seg ned på huk (og sprette opp att). Eg hørde aldri noko eige ord for dette, men på eit kurs var det nokon som foreslo huking, og det har eg brukt noko. Armkross eller hendene i sida, skriv Kirkevoll.³⁷

Bx

H^h Ledig fot framom

4. Kvileturen (Medsols) snuing. Blir mest dansa medsols, men steget kan også gjerast motsols. Motsols blir farten mykje større, i og med at danseretninga også går i ring motsols. Kirkevoll fortel omstendeleig korleis steget skal vera, men ingenting om armbruk eller kroppsføring elles. Anders dansar medsols tre steg, med armane på skrå ned. Reidar

³⁶ Warne, *Norske bygdedansar. Halling i Valdrestradisjon*, s. 3.

³⁷ Kirkevoll, «Litt om turar i lausdans i Valdrestradisjon m m», s. 86.

dansar fire steg motsols, med armane i høgste stilling. Eg dansar tre steg med armane ut på skrå nedover. Armane slengjer fritt, men i takt ut frå og inn til kroppen. Dersom ein let armane svinge ut frå og inn til kroppen likt med høgrefoten, vil dette dra deg rundt så du ikkje treng bruke noko kraft for å koma rundt. Eg har tenkt meg at det må vera grunnen til uttrykket kviletur.

Kvileturen medsols:	Motsols:
VS	H
H ^h	V ^h

5. Andre tåturen er ei snuing motsols og i danseretninga, og er det same steget som karen brukar når han snur seg to gonger rundt i springaren i Øvre Valdres. Båe føtene skal vera i golvet heile tida, så å seia samtidig. Kirkevoll skriv at ein skal ta turen tre eller fire gonger.³⁸ Alle dansarane utfører steget ganske likt, men armføringa varierer: Anders og Boye held armane høgt, med overarmen ut i skulderhøgde og med underarmen i vinkel rett opp. Reidar dansar med litt lægre armar, og eg let dei slenge litt, med hendene annakvar takt i skulderhøgde, og annakvar takt i hoftehøgde.

Andre tåturen:

HTV^h

VTH^h

6. Hopping baklengs. To hopp på kvar fot baklengs. Hendene i skulderhøgde eller armkross, fem-seks steg. Anders og Boye dansar slik Kirkevoll skriv, med to hopp på kvar fot, men både Reidar og eg gjer eit hopp med den foten me står på, set han i golvet, set også andre foten i golvet og fører tyngda over på den:

H^h

HtV

V^h

VtH

³⁸ Kirkevoll, «Litt om turar i lausdans i Valdrestradisjon m m», s. 83.

Boye og Reidar held hendene omtrent i augehøgde, eg let dei slenge litt under skulderhøgde og Anders let dei slengje fritt. Alle dansar i ganske oppreist stilling. Boye dansar berre eitt steg bakover, Anders og eg dansar fire steg (åtte takter) baklengs, Reidar åtte (16 takter).

Dette steget blir også berre nemnt som del av opningsturen, utan namn. I 1969 kallar Kirkevoll det «Attoversteg med krossa lausfot».³⁹ Eg brukar hopping baklengs.

Hopping baklengs:

H^h Med ryggen i danseretninga

V^h Med ryggen i danseretninga

7. Elketuren. Hallingane har ein tur Kirkevoll ikkje nemner. Dette er interessant, og noko eg tar opp i den nemnde artikkelen i *Musikk og tradisjon*.⁴⁰

8. Kruketurnen/krukedansen. Dette er ein eigen dans som er mykje eldre enn hallingdansen elles, og blir dansa omtrent likt overalt. Ein sit på huk og sparkar fram med den eine foten medan ein gjer eit lite hopp, så skiftar ein fot og sparkar andre foten fram, osv. Det var vanleg å danse den med armkross, skriv Kirkevoll.⁴¹ Boye dansar seks steg (12 takter), med armane i kross. I tillegg til hovudforma som er nemnd her, kan ein danse med den ledige foten bakover eller ut til sida, med den ledige foten strak utan å koma ned i golvet, og mangt anna.

9. Rebnestaket (steg frå ril). To hopp på kvar fot medan den andre foten pendlar fram og tilbake før ein skiftar fot. Armane skal vera i kross. Eg dansar fire steg (åtte takter), med armane i kross framfor brystet. Eg er ikkje sikker på kva Kirkevoll meinte med «armane i kross»,⁴² men eg har forstått det slik. Rebnestaket er eit steg frå ril. Kirkevoll skriv at han har høyrt det også var med i dansen bonde.⁴³

Rebnestaket:

V^h

³⁹ Warne, *Norske bygdedansar. Halling i Valdrestradisjon*, s. 4.

⁴⁰ Ranheim, «Frå pardans og laus til tur og orden – om den norske hallingdansen» (2020). Eit av underkapitla heiter: «Då egling vart til dans».

⁴¹ Kirkevoll, «Litt om turar i lausdans i Valdrestradisjon m m», s. 87.

⁴² Kirkevoll, «Litt om turar i lausdans i Valdrestradisjon m m», s. 84.

⁴³ Kirkevoll, «Litt om turar i lausdans i Valdrestradisjon m m», s. 87.

H^h

H^h

10. Gå på hendene var nok ikkje så vanleg, men dei som kunne det, tok det med i dansen.

Sveipane er steg eller tak der dansaren snur rundt nede på huk, med den ledige foten fram eller ut til sida, slik at han sveipar over golvet. I 1969 (Warme) nemner Kirkevoll berre to sveipar: Halvsveipen og motsveipen. I 1972 står det at det er tre, men han skriv om fire: Heilsveipen (enkelsveipen), medsveipen (dobbeltsveipen), motsveipen – og så storsveipen. Dette framstår ganske forvirrande, og eg trur det er rettast å seia at det berre er éin sveip som eigentleg er ein tur: Det er halvsveipen, som gjer seg best om han går ein del takter, og som har den «sveipen» med foten namnet siktar til. Dei andre er steg som truleg vart dansa ganske usystematisk, men som er sette i system i ettertid. Eg tek likevel med alle i denne oversikta.

11. Heilsveipen. «Enkelsveipen» skriv Kirkevoll i 1972. Det har eg har aldri høyrte i bruk. Eg trur turen delvis har vorte omtala som «vanleg sveip», «sveipen» og oftast «heilsveipen». Han går både motsols og medsols, med ei takt nede og ei takt oppe, vekselvis på H og V. Boye dansar motsols heilsveip, med armane i kross framfor brystet og med ganske strak rygg både nede på huk og i oppreist stilling.

Heilsveip motsols:

Bx

V^h

Bx

H^h

12. Medsveipen har ei takt nede på huk og minst to takter i oppreist stilling. «Ein kan leggje inn fleire steg når ein går rundt, om ein vil».⁴⁴ Sjå også **14. Dobbeltsveipen.**

Medsveip motsols:

V^h

⁴⁴ Kirkevoll, «Litt om turar i lausdans i Valdrestradisjon m m», s. 86.

H^h

Bx

V^h

H^h

Bx

13. Halvsveipen går fort rundt motsols med annakvar takt nede på huk og annakvar på H medan V «sveipar» ein ring på golvet. Anders har fortalt at det var han som la turen så lågt, slik at sveipen med venstrefoten vart så vid som muleg.⁴⁵ Turen er ikkje nemnd i artikkelen frå 1972, men er nummer 10 i heftet frå 1969 (Warme), og er då forklart med V^h B^h H/B. Eg har aldri sett anna enn H^h på siste takta, difor ser me bort frå B-en. Då blir det (V) B H. Anders og eg dansar sju steg (14 takter) halvsveip. Reidar dansar tre steg før han slår over i heilsveip. Alle dansar med ganske strak rygg både nede på huk og i oppreist stilling. Det er litt forvirrande at steget blir forklart over tre takter, der det eine berre er ei opptakt, eit trinn som berre er med fyrste gongen. Eg noterer det slik (trinnet i parentes er opptakta).

Halvsveip motsols:

(V^h)

Bx

H^h

14. Dobbeltsveipen. Dobbeltsveipen er når ein dansar medsveipen fleire steg. **Sjå 12 Medsveipen.**

15. Motsveipen er ein medsveip med danseretninga og ein imot, slik at ein dansar fram og tilbake, medsols og motsols.

Motsveip medsols og motsols:

V^h

H^h

Bx

H^h

⁴⁵ Telefonsamtale med Anders Anmarkrud 22. mars, 2020.

V^h

B_x

16. Fyrste tåturen. Kirkevoll forklarar denne turen med fem takter, V V H H B, men alle dansar V H H B, altså fire takter. Slik lærte eg han også, og slik har eg lært han bort.

Kirkevoll skreiv nok ned steget medan han dansa det, og dermed fekk han med ei opptakt som berre var med fyrste gongen. «Hendene opp i skulderhøgd, eller armane følgjer og bøygjer seg litt etter musikken», skriv Kirkevoll.⁴⁶ Boye og Reidar held armane høgt, med hendene minst på høgde med augo. Anders har dei endå litt høgare. Eg har dei omtrent i skulderhøgd. Boye og Anders dansar tre steg (12 takter), eg dansar fire (16 takter) og Reidar dansar seks (24 takter). «Tåturane lærte eg av J. W. Holden og Ola O. Øde», skriv Kirkevoll.⁴⁷ Han kallar denne Tåtur I både i 1969 og 1972.

Fyrste tåturen motsols:

V^h

H^h

H^h

B_x

17. Fotkross og ryggspenn er å danse framover med tre trinn på kvar fot, medan ein fører den andre foten i kross bakom og framom den andre, og så bakom att med eit slag på hælen eller eit spark opp i olbogen eller late som ein vil spenne seg i nakken ved å slengje nakken bakover. Hendene har ein i armkross eller i kross, skriv Kirkevoll.⁴⁸ Eg har alltid kalla denne turen **hæklappen**, men har no kome til at eg vil tilrå fotkross og ryggspenn, for det synleggjer betre at det er tale om to ulike tak. (Sjå også nummer **19: Spenne seg i nakken**.) Boye dansar dette steget seks gonger (18 takter), tre gonger med slag på hælen, og tre gonger der han sparkar opp i olbogen. Han dansar med tydeleg fotkross. Hendene i armkroken. Anders dansar seks steg (18 takter), alle med spark mot olbogen. Hendene i sida.

Fotkross og ryggspenn:

⁴⁶ Kirkevoll, «Litt om turar i lausdans i Valdrestradisjon m m», s. 83.

⁴⁷ Kirkevoll, «Litt om turar i lausdans i Valdrestradisjon m m», s. 84.

⁴⁸ Kirkevoll, «Litt om turar i lausdans i Valdrestradisjon m m», s. 85.

V^h

V^h

V^h

H^h

H^h

H^h

18. Forenkling av snuskvedne. Kirkevoll fekk ikkje til snuskvedne (sjå nummer **29. Snuskvedne**) og han var difor «så fri å endre på denne vande turen, slik at den kunne gjerast lettare». ⁴⁹ Han knepte hendene bak nakken, bøygde seg framover og slo høgre olboge i golvet, reiste seg halvt opp og slo venstre kne i golvet, og slik gjekk det med annakvart kne og olboge i takt. Sjølv brukte eg dette forenkla steget i ein del år og lærde det også bort på kurs. Men så oppdaga eg at eg hadde fått bruskdanning på begge olbogane, og når eg då såg at det ikkje var nokon tradisjonell tur, kutta eg han ut. Men han levde sjølvsagt vidare og dukkar stadig opp på scenen, ofte i ei endå meir forenkla form, der ein berre slår olbogane ned i golvet.

Oppsummering av turane etter Kirkevoll

Ein må vel kunne seia at det er bra samsvar mellom kjeldene som er undersøkte. Direkte motsetning mellom oppskrift og utføring finn ein berre i to steg (fyrste tåturen og halvsveipen), og i båe tilfella er det Kirkevoll som har notert ned steget slik han utfører det utan å ta omsyn til at fyrste trinnet er ei «opptakt», altså eit trinn som berre er med fyrste gongen. Dersom ein vil ha med opptakta, kan ho noterast i parentes før dei andre trinna.

Opningssteget sidelengs blir dansa og forklart ganske likt i dei ulike kjeldene, med unntak av vekslinga av høgre eller venstre fot fremst. Dette blir variert medan Kirkevoll ser på, utan å seia noko, og eg tolkar det slik at han ikkje såg dette som noko vesentleg. Anders hadde same inntrykket då eg nemnde det for han. ⁵⁰

«**Attoversteget**» (hopping baklengs) skal dansast med to hopp på kvar fot, skriv Kirkevoll, ⁵¹ men Reidar og eg brukar eit T-trinn for å føre tyngda frå den eine foten til den

⁴⁹ Kirkevoll, «Litt om turar i lausdans i Valdrestradisjon m m», s. 89f.

⁵⁰ Telefonsamtale med Anders Anmarkrud, 22. mars, 2020.

⁵¹ Kirkevoll, «Litt om turar i lausdans i Valdrestradisjon m m», s. 82.

andre.

Armbruken varierer, og interessant nok ser Kirkevoll ut til å lært elevane sine noko anna enn det han skriv. I artikkelen frå 1972 nemner Kirkevoll aldri armar som er høgre enn hendene i skulderhøgd. Elevane hans dansar store deler av dansen med overarmane horisontalt ut frå ekslane og underarmane i rett vinkel oppover. Kirkevoll ser ut til å vera med på det, og det var også slik han lærte oss det, fortel Anders Anmarkrud.⁵² Kvifor det? Ein teori kan vera at den høge armføringa er ei etterlikning frå Hallingdal. Der hadde dei brukt slike høge armar lenge, og det var dette kappleiksdomarane var vane med. Eg har dessutan lenge meint at den høge armstillinga er ei påvirkning frå gymnastikken (særleg linjegymnastikken), truleg kome med Jon Wangensteen Holden.⁵³

Det er elles stort sett berre mindre avvik mellom det Kirkevoll skriv om armbruken og det som blir dansa på filmene. I «fotkross og ryggspenn» skulle ein ha hendene i armkross eller i kross, skriv Kirkevoll.⁵⁴ Boye dansar denne turen med hendene i sida, men når ein dansar med slag på hælen («hæklappen»), må ein la armane slengje fritt. Om fyrste tåturen skriv Kirkevoll: «Hendene opp i skulderhøgd eller armane fylgjer og bøyer seg litt etter musikken».⁵⁵ Anders, Boye og Reidar held armane høgt, med hendene minst på høgde med augo. Eg har dei omtrent i skulderhøgd. Om andre tåturen skriv Kirkevoll at armane skal vera «fritt ut til side».⁵⁶ Anders og Boye held armane høgt, Reidar dansar med litt lægre armar, og eg let dei slenge litt, med hendene annakvar takt i skulderhøgd og annakvar takt i hoftehøgde. Eg gjorde meg nok tidleg opp ei meining om at dette var eit stilistisk trekk som eg prøvde å variere, og har altså ikkje før no lagt merke til at Kirkevoll skriv at hendene skal vera i skulderhøgd.

Lengda på turane varierer ein del, men snittet er likevel ganske jamt. Det er ikkje så ofte Kirkevoll nemner noko om kor lenge ein tur skal dansast, men dei han nemner, har eit snitt på fem takter. På desse filmene har Anders og Boye eit snitt på fem og ein halv, Reidar og eg har omkring fem. Høgste talet Kirkevoll nemner, er likevel berre seks, Reidar dansar elleve, Anders tolv, Boye seks og eg ni.

⁵² Telefonsamtale med Anders Anmarkrud, 22. mars, 2020.

⁵³ Sjø hovudfagsoppgåva mi, «Folkedans, disiplinering og nasjonsbygging. Diskursen om dans i Valdres omkring 1905» (1993).

⁵⁴ Kirkevoll, «Litt om turar i lausdans i Valdrestradisjon m m», s. 85.

⁵⁵ Kirkevoll, «Litt om turar i lausdans i Valdrestradisjon m m», s. 83.

⁵⁶ Warne, *Norske bygdedansar. Halling i Valdrestradisjon*, s. 4.

Kroppsstillinga er vel ganske lik mellom oss som dansar. Kirkevoll seier ikkje så mykje om det, men han skriv i 1972: «Sveipane må gjerast mest mogleg med strak rygg og i oppreist stilling».⁵⁷

Gjennomgang av avslutningane etter Kirkevoll

Tor Underberg, Sevat Tveito og Gullik Kirkevoll var einige om at hallingdansen burde dansast med turar og avslutningar. Avslutningane er ein del av eit større felt som Kirkevoll kalla godkarstykkje og idrettsleik. Han la ned eit stort arbeid med å samle desse frå Valdres, og har gjeve ut eit lite hefte med over 40 slike.⁵⁸ I denne gjennomgangen tek eg berre med dei godkarstykkja og idrettsleikane som Kirkevoll nemner i artikkelen om hallingdans i 1972.

På kurset i 1969 var det også tale om «overgangar». Eg kan ikkje sjå at nokon nemner dette i skrift, så eg har tenkt det kanskje var noko Anders, Boye og Reidar innførte. Ein overgang, slik eg oppfatta det, var liksom litt enklare enn ein avslutning, og vart brukt til å markere ein overgang mellom til dømes to variantar av same turen. Den einaste eg hugsar brukt, er ein appell i golvet når ein skifta frå H fremst til V fremst i sidelengs hopping.

19. Spenne seg i nakken (Fotkross og ryggspenn). Kirkevoll har som sagt sett saman ryggspennet og fotkrossen til ein tur, og eg har lært det bort som ei fast eining oftast kalla **hæklappen**. Det er strengt teke berre ryggspennet og å spenne seg i nakken som er same øving (to namn på det same.) Sjå nummer **17. Fotkross og ryggspenn**.

20. Framlengs nakkesprett (Nakkespretten). Kirkevoll brukar nemninga «nakkesprett» om framlengs nakkesprett, der du bøyer deg ned og rullar framover inntil du ligg på nakken og sprett opp att framover og over på føtene med eit overslag. Den meir vanlege nakkespretten kallar han fiskespretten. Eg hugsar ikkje å ha treft andre som brukar orda slik om dei ikkje har fått det frå Kirkevoll, så eg trur kanskje det er systematikaren som

⁵⁷ Kirkevoll, «Litt om turar i lausdans i Valdrestradisjon m m», s. 85.

⁵⁸ Kirkevoll, *Eldre idrottsleikar i Valdres* (u.å.) Lokale samlingar av dette slaget er sjeldne, men det finst ei nordisk oversikt i band 24 av *Nordisk kultur*, skriva av Johan Götling. Der skriv Götling: «I mångt och mycket har idrotten och leken varit likertad över hela Norden» (Götling, Johan. «Idrott och lek». *Nordisk kultur* 24. Stockholm: Bonniers förlag, 1932, s. 4). Samlingane som fins kan med andre ord ha relevans langt vidare enn det lokale området.

glimtar til att. Sjå nummer **26. Nakkespretten (Fiskespretten)**.

21. Stupe huvudkrune skriv Underberg. Eg syntest det var så fint namn at eg skriv det inn, sjølv om eg brukar seie **å kaste seg over hovudet**. Eg trur uttrykket vart brukt av Kirkevoll både om hovudstiften og tohandsstiften – og kanskje også nakkespretten framlengs. Å slå stiften (på ein eller to hender) er av dei godkarstykkka som ofte blir nemnt saman med dansen. Kunne du kaste deg over hovudet, gjorde du det når du dansa halling. Kirkevoll nemner ikkje hovudstiften som ei eiga øving i artikkelen sin, men eg meiner å hugse at den var med på kurset i 1969. Eg er elles ikkje sikker på om folk skilde mellom vanleg (tohands) stift og hovudstiften.

22. Korketrekjkjaren/Myretrillen. Korketrekjkjaren seier dei i Hallingdal og resten av verda. Myretrillen, skriv Kirkevoll. Det er visst stordansaren Nils Garvikmyren som er opphav til namnet, fortel Kirkevoll. Eg veit ikkje kor utbreidd namnet var. Korketrekjkjaren var så kjend at det er vel rart om ikkje namnet var i vanleg bruk også i Valdres. Øvinga går ut på å snurre fort rundt på ein fot, vanlegvis på V, med andre foten fram. Ein skal helst begynne litt halvhøgt, så sleppe seg ned og koma oppatt, alt på venstrefoten, og avslutte med eit hopp rett opp. Same øvinga blir brukt i kunstløp på skøyter, og Kirkevoll nemner «isdronningane».⁵⁹ Det lurar nok ein ide bak om at det kan vera hallingdansarar som har lært Sonja Henie (1912-1969) korketrekjkjaren, men Aksel Paulsen (1885-1938) gjorde han også. Hans Lien brukar det artige namnet «navaren» om øvinga.⁶⁰

23. Kaste seg over begge hender er nok det me i dag mest kallar for stift.

24. Kaste seg over på ei hand er einhandsstift.

25. Heldehøpp går ut på å ta i eine tåa med motsett hand, og så hoppe over med andre foten. Eg har høyrte mange tala om denne, så han var nok ganske mykje brukt, men eg er usikker på kor gamal han er. Hans Nybråten (1908-1992) fortalde meg ein gong at han hadde sett ein kar gjera dette på tivoli på Fagernes, og utlovd ein premie til den som greidde å gjera han etter. Ingen prøvde. Hans var lett og ledug, og hadde lyst til å gå fram,

⁵⁹ Kirkevoll, «Litt om turar i lausdans i Valdrestradisjon m m», 87.

⁶⁰ Lien, «Turane i hallingdansen», s. 14.

men våga ikkje. Så prøvde han det etterpå, og klarte det! Historia er ikkje usannsynleg, for heldehøppet er ikkje noko fysisk problem. Grunnen til at folk flest ikkje får det til, er at det oppstår ei blokkering i hjernen når du vil hoppe over den foten du held i. Kven skal du stå på?

26. Nakkespretten (Fiskespretten) er ein av dei øvingane som kan sjåast på som «universelle», eller felleskulturelle. Eg har inga oversikt, men har registrert at ein gjer dette omtrent «overalt» i verda. Han er mest kjent under namnet nakkespretten, men Gullik Kirkevoll brukar nakkespretten som namn dersom du bøyer deg ned framover, rullar over til du kan legge nakken i golvet, og tek eit overslag så du landar på føtene. Sjå nummer **20**. Fiskespretten brukar han om den meir kjende og utbreidde varianten: Ein rullar bakover nede på golvet, slik at ein blir liggjande på nakken, så slenger ein føtene tilbake dit dei kom frå, gjev ekstra fart ved hjelp av nakken, og kippar til med overkroppen og kjem over føtene så ein kan lande støtt, mjukt og fint. Svenskane kallar forresten øvinga for abborrspretten.

27. Slå salto. Eg er litt usikker på kor vanleg dette har vore. Kirkevoll har det ikkje med.

28. Rengji stålbøge er å bøye seg bakover og leggje hovudet eller nakken i golvet utan støtte av hendene. Det er ei slektning til å gå ned i bru, men den er meir krevjande.

29. Snuskvedne. Det var Ola O. Øde (den eldre) som fortalte Kirkevoll om snuskvedne (snuskværna). Han hadde ikkje sett andre enn Tore Holden gjere det, så det var nok ingen vanleg tur. Ola O. Øde forklarar snuskvedne slik:

Me tenkjer oss ein sirkel på dansegolvet. Under hallingdansen snåvar han Tore i køll med vilje. Snøgt bøygjer han kneet ei grand. Trekker olbogene bakover. Snøgt så eld tullar han rundt seg sjølv, stadig med hovudet i golvet i sentrum av den tenkte sirkel. Det småklakkar i golvet av kneet og olbogene etterkvart som han snurrar rundt. (Sler kne, olboge annankvar gong i golvet etter takten.) So sopar han etter snusen med eine handa og ris upp. Og dansen er slutt.»⁶¹

⁶¹ Kirkevoll, «Litt om turar i lausdans i Valdrestradisjon m m», s. 89.

Kirkevoll skriv at også Olav Thorshaug (f. 1884) på Gol brukte snuskvedne. Hans Lien på Gol snurra også rundt på hovudet, og var den siste som gjorde dette før Hallgrim Hansegård tok det opp att på 2000-talet. Kirkevoll forenkla som sagt øvinga og la den inn som ein tur. Sjå nummer **18: Forenkling av snuskvedne.**

30. Kyrsetten. Tre hopp på H motsols i danseretninga, medan V sparkar opp bak like mange gonger. Til slutt gjer dansaren eit hopp over på V. Eg hugsar me lærte han på kurset, men eg har ikkje brukt det stort. Gullik Kirkevoll kallar den Pjåtetaket eller Pjåtesletten etter Gullik Pjåten, som han hadde vore mykje saman med i yngre år. Både tak og slett er dansesteg, og Kyrsetten er eit mykje vanlegare namn.

31. Storsveipen. Når eg tala ved eldre folk, var det lite å høyre om sveipar, bortsett frå Storsveipen. Kirkevoll skriv at denne var mindre brukt, noko som er litt underleg, men kan sjølvstøtt vera tilfelle. Han kan ha vore mindre brukt og likevel velkjent og lite omtalt fordi han var så dramatisk. Han var godt eigna til å egle opp folk, og det kunne gå så langt at dansarane brukte han til å sveipe andre dansarar av golvet. Dette kan vera ein grunn til at Kirkevoll tonar han ned – han likte nok ikkje det nære hopehavet som hadde vore mellom hallingdans og slagsmål. Storsveipen var ikkje med på kurset eg gjekk på, og eg kan ikkje seia å ha sett han godt utført. Eg har oppfatta han som ein parallell til halvsveipen, berre at ein går opp på V og sveipar golvet med H. Lenge trudde eg at storsveipen var ein tur, som dei andre sveipane.

32. Kvednakallen (kværnkallen) gjekk rundt i oppreist stilling og med høgre fot kring venstre legg, gjerne på hælen.

33. Stupe kråke. Å stupe kråke er det same som ei framlengs rulle, men Kirkevoll hadde ein litt spesiell måte å gjera det på. Ein tok eine handa bak nakken og ringa høgre fote om venstre legg, huka seg ned, sette hovudet i golvet og rulla framover.

34 Rundkastet/Hallingkastet eller «å spenne upp» var ein folkesport i mange bygder, og det var då også mange som var svært gode. Kastet skulle vera høgt, fint og stempla, og det var ei kunst det trengtest mykje trening for å få til. Høge kast hadde størst status, men det vart også lagt merke til fine kast. Arne Rye frå Ulnes (f. 1899) i Valdres var kjent for å gjera gode kast, sjølv om dei ikkje var så høge. Han var mest kjent for at han sløkte

parafinlampene på forsamlingshuset i Ulnesøyen ved å gjera hallingkast salen rundt. Du skal vera ganske øvd og treffsikker for å gjera dette. Både i Hallingdal og Valdres var fire alner (ca. 2,51 m) rekna som eit godkjent kast, men for dei som ikkje var lange nok til å kunne få det til, vart det rekna som bra om dei spente det dei rokk. Eg meiner eg var oppe i fire alner på mitt beste, men er ikkje sikker. Det vart aldri målt. I artikkelen i 1972 skriv Kirkevoll elles mest om ein spesialutgåva av hallingkastet: Kastet over geite.

Men det finst nokre fantasirekordar, og eg har ein av dei. Det var ein journalist i *Laagendalsposten* som såg eit kast eg gjorde på Kongsberg i 1983. Han sat nok så han fekk maksimalt imponerende vinkel opp til hatten, og tippa høgda til ca. fire meter! Dette vart trykt i avisa, så eg kan seia at eg har det svart på kvitt.⁶²

Det finst fleire slike fantasihistorier, men om ein skal vera realistisk, er det nok 2,83 (fire og ei halv alen) som er det høgste nokon har spent, dersom det er nokon. Fyrste kandidaten er Olav Thorshaug frå Gol. Han var i Kristiania i 1909 og fekk ein profesjonell fotograf (Skarpmoen) til å ta bilete og ein politimann til å stadfeste høgda. Og høgt er det, det er det ingen tvil om, men er det 2,83? Biletet viser eit svært uvanleg og godt kast, der venstre foten ser ut til å ha vore med nesten heilt opp til hatten. Høgda er altså stadfesta av ein politimann, og då burde vel saka vera grei, men det er litt uklart om politimannen målte opp til hattebremmen eller opp til staven. I det siste tilfellet er det nok med ca. 2,78 for å få hatten ned, og då er det på linje med eit kast Kirkevoll har referert til frå Røn, der ein frå Føssei skal ha spent oppi ei himling som vart målt til 2,78.

Eg har elles i nokre samanhengar sagt og skrive at om det er nokon frå Valdres som har spent 2,83, så er det Ivar Kamrud (1882-1956), ein sprek og spenstig skreddar frå Ulnes. Reidar Bakken, som eg lærte av, hadde svært god spenst. Han hoppa 1,60 i stille høgde, og spente på sitt beste kanskje 2,60, i alle fall ikkje langt ifrå. For ei tid tilbake fekk eg høyre at Ivar Kamrud hadde hoppa 1,80 i stille høgde. Det vart eit pent reknestykke: Dersom Reidar Bakken hoppa 1,60 i stille høgde og spente hallingkast på 2,60, var det ikkje så utruleg at Ivar Kamrud med 20 cm betre spenst skulle spenne 2,80. Det er berre det at stille høgde var olympisk grein frå 1900 til 1912, og beste resultatet var 1,655 meter under OL i Paris i 1900. I jubileumsleikane i Aten i 1906 var vinnarhoppet berre 1,56. Kor sannsynleg

⁶² Eg har rett nok ikkje funne avisklippet no i ettertid.

er det då at det i Ulnes sat ein skreddar som kunne hoppe 1,80?

Eg trefte aldri Ivar Kamrud, men eg var så heldig å få møte fleire av dei beste i generasjonen etter han: Olav Øyråker (f. 1903), Einar Bø (f. 1911), Arne Rye og Lage Tveit (f. 1903).

Mi eigen bruk av godkarstykke og annan idrettsleik

Som ein ser, er det ganske mange godkarstykkje og idrettsleikar i hallingdansen. Alle har rett nok ikkje dansa alle desse godkarstykkje, og ulike dansarar tek med litt ulikt. Sjølv har eg brukt godkarstykke ein del, både som sjølvstendige oppvisningar, innslag på konsertar og etter kvart i ymse prosjekt. Til slutt tek eg difor med ein del om dette også.

Gjennom åra har eg vore kontakta av ein del studentar og skular som har planlagt prosjekt om idrettsleikar. Dei som dreiv det lengst, var Etnedal sentralskule, som midt på 1980-talet fekk eit langt innslag i distriktssendinga på NRK.⁶³ Mest kjent av mine vart eit prosjekt i samband med OL på Lillehammer i 1994, der me hadde både folkelivsoppdrag og ein eigen «konsert» i Maihaugsalen. Me var på eit program med Tande P. på NRK i beste sendetid,⁶⁴ og før prosjektet var over, hadde me også eit oppdrag på Blindern, Universitet i Oslo, med innslag under avslutninga av eit fleirårleg nasjonalismeprojekt.

Det var nok hallingdansen som gjorde mest til at eg vart interessert i godkarstykke, men eg hadde også med noko heimanfrå, og det betydde nok også ein del. Då eg var liten, var eg mykje hjå syster hans far, Ragna og Jul, mannen hennar. Jul var livat og morosam, og kvar gong eg kom, bar det til å «dragast». Det var sjølv sagt berre leik, men eg fekk nok med meg litt grunnleggjande kunnskap også, trur eg.

Å dragast er ei samlenemning for ryggtak, broketak og trøyetak. Ryggtakinget var kanskje den mest brukte idrettsleiken, og den som gav mest prestisje. Det er altså tale om bryting, i ei form som skil seg frå den som blir brukt i organisert bryting i dag ved at ein festar grepet

⁶³ NRK. «Gamle idrettsleikar med ny vri». 19. november 1985. URL: <https://tv.nrk.no/program/FOPP00000385?fbclid=IwAR2oA5ZumRp5jhxXDAb7ZOzAotHZyNHlOeEMUZjEpCDFfJ3p58ZIWAhI6c> (henta 20/10-2020, kl. 22.52)

⁶⁴ NRK. «Opp med Norge». 5. november 1994, 44.20-49.12 min. URL: <https://tv.nrk.no/serie/opp-med-norge/1994/FKUN09001094/avspiller> (henta 20/10-2020, kl. 22.47)

før ei begynner å bryte.

Mest å seia hadde nok likevel ein junikveld i 1969.⁶⁵ Far min vart 50 år den dagen, men noko feiring ville han ikkje vita av. Dagen gjekk difor som andre dagar, inntil me plutselig såg lys nede i skogkanten. Me var på stølen, og hit kom det ikkje mange bilar, men bilen tok vegen til oss, og ut kom Jul, som eg alt har nemnt, og Trygve, som var ein yngre bror av far. Trygve var liten og lett og kjapp i vendinga, og då han fekk høyre at eg hadde begynt på hallingkurs, måtte han sjå. Eg dansa så godt eg kunne, men hadde eit vondt kne som hemma meg litt. Trygve vart nok ikkje særleg imponert, men nemnde berre ein ting. – Du må bli betre til å kruke, sa han.

Eg hadde lært å kruke heime lenge før eg kom på hallingkurs. I femte klasse fekk eg Lage Tveit som lærar, ein kjent idrettsmann både i tradisjonell og moderne forstand. Som 60-åring sat han framleis med fylkesrekorden på 60 meter, og han var av dei beste til å spenne rundkast før krigen. Ein dag ville han ha oss til å kruke, og eg hugsar kommentaren hans enno: Så lett du krukar då, gut!

Men tilbake til 50-årsdagen. Litt utpå kvelden fata han Trygve ein kost med langt skaft, gjekk ut på golvet, tok nedst på skaftet med høgre handa, tok tak med venstre lengre opp, sette høgre tommel i golvet ved sida av enden på skaftet, og vrei seg under skaftet og armen. Det gjekk bra, men så skulle han opp att på andre sida, og det gjekk ikkje. Det bør vel nemnast at gjestene hadde med ei flaske brennevin då dei kom, og det hjelpte vel neppe balansen. Så tok han tak i skaftet att med baa hender, litt frå kvarandre bak ryggen, tok skaftet over hovudet utan å sleppe taket, heldt høgre foten framfor stokken, smetta foten innafør og drog venstrehandaa bakover over ryggen til han vart ståande med stokken mellom føtene. Så stega han over og var tilbake i utgangsstillinga. (Desse øvingane har fleire namn, men eg har brukt **smette mjuke** og **tre nåla**.)

Det var imponerande av den vaksne mannen, og meir skulle det bli. Han tok ein kjøkenstol og sette han midt på golvet. Så gjekk han bak stolen, la seg over han med baa hendene fremst på setet, låra låg over stolryggen. Han drog seg så framover, krøkte hovudet inn att

⁶⁵ Eg gjer merksam på at dette er eit personleg minne, med alle dei moglege feilkjelder som følgjer av det. Dette er slik eg hugsar det, og eg tenkte at det minnet kunne vera litt interessant å ta med, også om åra som har gått kan ha vridt litt på realitetane.

mot stolryggen, drog seg lengre og lengre fram til han tok overvekt og stolen vippra framover, og alle tenkte at nei, no går det gale! Men han Trygve let seg ikkje bli med stolen, han kippra til akkurat i rett tid til at føtene var tunge nok til dra overkroppen opp att og landa lett på føtene med ryggen mot stolen. Han prøvde fleire gonger, men resultatet vart det same. Stolen vart undersøkt og fekk skulda. Det var ein gamal, liten stol som hadde stuttare føter framme enn bak, og det var grunnen til at han vippra. For meg var overslaget til slutt meir imponerande enn om han hadde greidd øvinga som han hadde meint, og eg tenkte at det, der, det kunne eg tenkt meg å kunne. (Øvinga har ikkje noko namn, men har mest vore kalla **å setja seg på stolen.**)

For Trygve var det nok likevel ei for dårleg avslutning, så han hoppa opp og tok tak i den kraftige stokken som gjekk gjennom heile selet godt to meter over golvet, la fotblada opp på stokken, sleppte armene og retta ut kroppen så han hang rett opp ned. Berre dei to sandalane over den runde, glatte stokken hindra at han gjekk beint på hovudet i golvet. Eg hugsar det som det var i går, og når eg no så lenge etterpå tenkjer tilbake på det, ser eg at eg har mykje å takke den kvelden for – og det er det kanskje fleire som har. Det var delvis fleire hundre år gamle tradisjonar som spratt fram på golvet, utan at noko var avtalt eller lagt til rette.

Det er etter kvart ganske mange som har hatt moro med desse øvingane, og øvinga med å setje seg slik på ein stol har eg berre treft ein einaste som har sagt at han har sett før, ein gamal gymnastikklærer i Sør-Trøndelag. Han kom bort etter ein skulekonsert og fortalde det. Å smette mjuke har vore kjent over heile Norden.⁶⁶ Å tre nåla har også vore ganske kjent. Å seta seg på ein stol ovanfrå har eg berre sett utført av onkel Trygve og mine eigne elevar i ulike generasjonar.

*

Eg brukte å ha med nakkesprett, fiskesprett, hovudstiften og heldehøppet i dansen, men dette var ikkje mi sterkaste side. Det var Bjørn Strand som lyfta desse opp på eit høgre nivå, før Hallgrim Hansegård og FRIKAR tok dei endå eit steg vidare. Eg har kutta ut ein: Forenklinga av snuskvedne (Sjå nummer 17).

⁶⁶ I Götling si samling finns både omtale og illustrasjon av smette mjuke (Götling, «Idrott och lek», s. 30).

Då Hallgrim Hansegård på 2000-talet begynte å gjere dei mest spektakulære øvingane (Myretrillen ned på huk og opp att og snurringa på hovudet), var det mange som reagerte, og dei kom gjerne til meg. Kva syntest eg om at hallingdansen berre vart gymnastikk? Eg brukte å svara so sant var, at han Hallgrim berre tok med det me andre aldri hadde fått til. Då var gjerne diskusjonen over.

Eg er likevel heilt einig i at ein må passe på. Ikkje minst responsen frå publikum kan lett bidra til for mykje godkarstykkje. For det eine må ein halde att så ikkje godkarstykkja tek overhand, for det andre må ein passe på at det ikkje fløymer over av nye øvingar. Eg meiner likevel det må vera lov å ha ein signatur. Eg brukte iblant å ta med tre hopp på høgrefoten medan eg slo på venstre hæl fyrst med høgre hand bak, så venstre hand framom og så høgre hand bak.

Vegen vidare

Eg tenkte det kunne bli av interesse om eg skreiv ned litt om korleis hallingdansen etter Gullik Kirkevoll vart som han vart, i alle fall den delen som gjekk gjennom meg. Skulle nokon få interesse for dette ein gong i framtida, vil eg tru det vil vera svært nyttig, og delvis heilt nødvendig, at dette vart nedskrive. Eg har gått gjennom det Gullik Kirkevoll skreiv, det han lærte bort i Oslo, det elevane hans lærte bort på kurset på Fagernes i 1969, og det eg lærte bort heime og ute frå omkring 1975. Det har vorte denne rapporten over mitt virke med dansen. Eg håper dette kan vera til hjelp for andre som vil gå inn i hallingdansen på 1900-talet.

Eg har lenge visst at dansen etter Gullik Kirkevoll ikkje kunne vise til noko særleg likskap med samtidige kjelder frå 1800-talet. Både kursdansane på 1900-talet (Tveito og Kirkevoll) kviler på ein struktur av turar og avslutningar, og i og med at turane har faste steg som blir dansa fleire gonger etter kvarandre, dominerer dei inntrykket av dansen. Kjeldene på 1800-talet tyder tvert imot på ein spontan dans utan faste steg.⁶⁷ Kvifor og korleis har danseformene vorte så ulike og korleis såg 1800-dansen ut? Det skulle eg gjerne ha visst, men eg rekna ikkje med at eg nokon gong ville få vita det.

⁶⁷ Bakka, *Norske dansetradisjonar*, 85.

Dykka ned i arkivmaterialet, særleg film og videomaterialet Egil Bakka har teke opp, sette likevel i sving tankar om samanhengar eg ikkje hadde sett før. Den eine var «Elketuren», ein tur hallingane har med i dansen sin, og som Kirkevoll ikkje nemner med eit ord. Kunne det vera ein tråd tilbake til 1800-dansen? Og Kirkevoll, som leita så iherdig etter tak og turar frå det han trudde var ein eldre lausdans, fann ikkje det han trudde. Men kva var det han fann då?

Desse spørsmåla tek eg opp i artikkelen i *Musikk og tradisjon* nummer 23, 2020: «Frå pardans og laus til tur og orden – om den norske hallingdansen».

Ingar Ranheim, november 2020.

Referansar

Bøker/artiklar

- Bakka, Egil. *Danse. Danse, lett ut på foten*. Oslo: Det norske samlaget, 1970
- Bakka, Egil. *Norske dansetradisjonar*. Oslo: Det norske samlaget, 1978
- Beitrusten, Geir. *Gardar og slekter i Vestre Slidre*. Leira: Valdres bygdeboks forlag, 1979
- Bjørset, Synnøve. «Kappleikar og kappdansar i Vestmannalaget». Kulturhistorisk leksikon, levert av Fylkesarkivet i Vestland. URL: [Folkedans.com/folkemusikk/kappleikar_vestmannalaget.htm](https://folkedans.com/folkemusikk/kappleikar_vestmannalaget.htm) (henta 4.4.2020)
- Götlind, Johan. «Idrott och lek». *Nordisk kultur* 24. Stockholm: Bonniers förlag, 1932
- Kirkevoll, Gullik. «Valdres-springar». *Tidsskrift for Valdres historielag* (1963): 35-58
- Kirkevoll, Gullik. «Litt om turar i lausdans i Valdrestradisjon m m». *Årbok for Valdres* (1972): 81-113
- Kirkevoll, Gullik. *Eldre idrottsleikar i Valdres*. Slidre: Slidre Gamaldans, u.å.
- Lien, Hans. «Turane i hallingdansen». *Spelemannsbladet* nr 10 (1995): 13-15
- Ranheim, Ingar. «Folkedans, disiplinering og nasjonsbygging. Diskursen om dans i Valdres omkring 1905». *Norsk folkemusikklag skrift 8* av Magnus Bäckström, Ingar Ranheim og Egil Bakka: 17-112. Rauland: Norsk folkemusikklag, 1993
- Ranheim, Ingar. «Frå pardans og laus til tur og orden – om den norske hallingdansen». *Musikk og tradisjon*, nr 34 (2020): 7-33
- Semb, Klara. *Norske folkedansar. Songdansar*. Oslo: Det norske samlaget, 1985
- Semb, Klara. *Norske folkedansar. Turdansar*. Oslo: Det norske samlaget, 1991
- Underberg, Tor. «Lausdans og tradisjon». *Spelemannsbladet* nr 2 (1985): 20-21
- Warme, Reidar 1969. *Norske bygdedansar. Halling i Valdrestradisjon*. 20 siders hefte uten sidetall og forlag. Oslo

NRK-opptak/Vimeo

- Frikar. «Hallingdans 1935». Utdrag frå spelefilmen *Kristine Valdresdatter* [1935]. URL: <https://vimeo.com/channels/frikarevent/26814006> (henta 11/9-2020, kl. 21.55)
- NRK. «Folkemusikk i Valdres». 19. oktober 1975, 25.15-28.07 min.

URL: <https://tv.nrk.no/serie/folkemusikk-i-valdres/1975/FOLA02006275/avspiller>

(henta 20/10-2020, kl. 22.30)

NRK. «Gamle idrettsleikar med ny vri». 19. november 1985. URL:

<https://tv.nrk.no/program/FOPP00000385?fbclid=IwAR2oA5ZumRp5jhxXDAb7Z>

[OzAotHZyNHIOeEMUZjepCDFfJ3p58ZIWaAhI6c](https://tv.nrk.no/program/FOPP00000385?fbclid=IwAR2oA5ZumRp5jhxXDAb7Z) (henta 20/10-2020, kl. 22.52)

NRK. «Opp med Norge». 5. november 1994, 44.20-49.12 min.

URL: <https://tv.nrk.no/serie/opp-med-norge/1994/FKUN09001094/avspiller> (henta

20/10-2020, kl. 22.47)

Arkivmateriale

Bakka, Egil. «Halling med Boye Wangensteen, Reidar Bakken, Anders Anmarkrud».

Tradisjon frå

Valdres filma i Oslo 22/11-1970. Arkivfilm hos Norsk senter for folkemusikk og

folkedans: Rff 8mm 424-426, 427,2, 429

Kirkevoll, Gullik VFF/280. Privatarkiv, Valdres Folkemuseum

Warme, Reidar. «Halling i Valdrestradisjon etter Gullik Kirkevold». Statens filmsentral

1969. URL:

[https://www.nb.no/nbsok/nb/94df66702f790b2ba0f307d324b1672c.nbdigital?lang=](https://www.nb.no/nbsok/nb/94df66702f790b2ba0f307d324b1672c.nbdigital?lang=no)

[no](https://www.nb.no/nbsok/nb/94df66702f790b2ba0f307d324b1672c.nbdigital?lang=no) (henta 20/10-2020, kl. 21:54)

Nettartiklar

Snl.no. «Dans». *Store norske leksikon*. URL: <https://snl.no/dans> (Henta 18. oktober, 2020,

kl. 22.30)

Telefonsamtaler

Anders Anmarkrud, 22. mars, 2020

Boye Wangensteen, 29. mars, 2020